



Referat frå årsmøtet i Sogn og Fjordane Bygdekvinne­lag

22.mars 2025 på Quality Hotel Sogndal

Velkomen ved distriktsleiar Signe Opdal.

Praktisk opplysning – loddsal søndag går til distriktslaget.

Ester Nordheim frå Sogndal bkl las diktet Sogn av Kristoffer Alme frå Luster.

Song – Norges Bygdekvinne­lag

Opning ved ordførar i Sogndal kommune Stig Ove Ølmheim som presenterte kommunen som ein landbruks- og reiselivskommune som også er stor på offentleg sektor representert med nav, fylkeskommunen, statens vegvesen, digidir. Kommunen har høgskule, vidaregåande skule og ein privat vidaregåande skule i Balestrand. Sogndal kommune har vore samanslege i 5 år og det seiest at det tek 2 generasjonar for å verte heilt samanslegne. Kommunen er ein kommune i vekst, på landstoppen i ung befolkning. Det skal byggjast ny skule og nye barnehagar. Kommunen satsar på kultur då serleg med lågterskel tilbod og er stor innan frivilligheit, det vert sett fokus på ungdom som fell utanfor. Det merkast at det er eit generasjonsskifte i den arbeidande befolkninga. Mellom kommunane i Indre Sogn er det eit godt samarbeid under Sogn det gode liv. Ordføraren avslutta med å fortelje om korleis han som 15 åring kom inn i politikken ved hjelp av eit engasjement for ei lyspære som ikkje virka langs skulevegen, og ønskja lukke til med årsmøtet.

Helsing frå Vestland Bondelag ved Kari Sigrun Lysne. Ho snakka om beredskap – trygg mat i krig og fred det skal lønne seg å produsere mat på nasjonale ressursar spreidd over heile landet. Det er viktig med styrka fokus på matberedskap inn mot stortingsvalet i haust. Den beste beredskapen er å spørje etter norsk mat.

Helsing frå Norges Bygdekvinne­lag ved Eva Dybwad Alstad. Mars er årsmøtetid i distriktslaga, det skal fortsatt være distriktslaga som er bindeledd mellom lokallaga og Norges Bygdekvinne­lag sentralt. Lokallaga er viktige i ei uroleg tid. Dei skapar felleskap, møteplassar og deling av kunnskap. Prosjektet høysom har slege godt an, no i år er prosjektet friluftsliv og inkludering starta opp. Desse er gode prosjekt for å bli mangfoldige og sterke og å få med alle i bygda. Sosial beredskap gjer oss sterkare saman. Det er viktig med internasjonalt arbeid noko som engasjementet for Guatemala syner. Det vert meir om dette og anna nytt frå NBK i morgon- søndag. Det er viktig å vere med i ein organisasjon for å påverke politikken.

Sak 1 Konstituering

Sak 2 Namneopprop 32 delegatar og 2 observatørar

Sak 3 Val av møteleiar nestleiar i distriktstyret Bjørg Ladehaug Oppstryn bkl

Val av skrivarar Jill Trude Dyrvang Innvik bkl og Birgit Lunde Borgund bkl, til å skrive under protokoll
Cecilia Lyslo Innvik bkl og Kari Kirkevold Borgund bkl

Sak 4 Innkalling og sakliste vart godkjend

Sak 5 Val av teljekorps Ingrid Thy og Ingrid Haugen Sogndal bkl. Uttalenemd ikkje vald då det ikkje er innkomne saker

Sak 6 Forretningsorden – orientering ved møteleiar

Sak 7 Tale ved distriktisleiar Signe Opdal

Det er viktig med felleskap då kjem frivilligheita. Lokallaga skapar noko for nærmiljøet. Her kan nemnast kurs, innsamlingar. Det er viktig å kunne ting, ha ein beredskap td ta vare på klede, plante grønsaker. Prosjektet nøysom handlar om dette, vere aktive i lokalsamfunnet og å få med barn og ungdom. Nøysom er avslutta, men det var lett å søkje om pengar og ein treng ikkje sende pengar som vart til overs attende. Berre sende ein enkel rapport og bilete. I år er det prosjektet friluftsliv som gjeld og det er på same måte lett å søkje om pengar, berre å levere inn ein enkel rapport og bilete til slutt.

Det er sendt ut ei valpakke frå NBK. Ho gir tips og kan nyttast i arbeid opp mot Stortingsvalet. NBK set fokus på praktisk matkunnskap. Det er mange følgjarar på tradisjonsmat sidene. NBK arbeidar også for gratis skulemat. Det er få timer med matlaging i skulen. Nokre lokallag stiller opp og lagar mat til elevane.

Kvinnestreif vart arrangert i haust i Viksdalen og på Sunnfjord museum og det var med 22 deltakarar. Teamsmøtet i november handla om å søkje midlar frå Studieforbundet Kultur og Tradisjon. Det mangla mange deltakarar så håper det deltek fleire på neste møte.

Regionmøte er eit høve til å dele informasjon om dei ulike laga.

Kvinnedagen vert markert i fleire lag. Her kan me samarbeide med fokus på gode tema og å leige inn førelesare osb.

NBK har no ei serie med teamskurs med mange interessante tema td valarbeid, verving osb. Oppmodar medlemmane til å vere med på desse.

Me treng kandidatar til å ta på seg verv – lokalt og i distriktstyret.

Økonomitiltaket med adventskalendera ga eit godt tilskot til distriktslaget og lokallaga.

Oppmoder lokallaga til å vere synlege i avisar, på facebook og andre sosiale media og på NBK sine sider.

Avslutta med å takke for alt det gode arbeidet ute i lokallaga.

Innspel til sak 7

Hanne Grimelid snakka om at det er veldig kjekt å vere med i arbeidet i distriktslaget

Eldbjørg Stegane Engebø Eikefjord bkl: Det er kjekt å oppleve å ha eit godt styre. Det kan ta litt tid å kome inn i styrearbeidet.

Sak 8 Årsmelding 2024 presentert av skrivar i distriktsstyret Sølvi Espeland Hope Hyen bkl

Innspel til sak 8

Hanne Grimelid Lærdal bkl peika på at regionmøtet i Sogn var eit samarbeid mellom Lærdal bkl og Borgund bkl.

Cecilia Lyslo Innvik bkl har helde 10 føredrag i 2023 og 2024 om Guatemalaprojektet, takka for invitasjonar og for bidrag til projektet.

Eldbjørg Stegane Engebø Eikefjord bkl snakka om vervebrosjyrane so no er komne på nynorsk, men dei er grå og fagelause. Me vil ikkje ha slik diskriminering, brosjyrane skal vere like fargeglade som dei på bokmål.

Årsmeldinga vart godkjend med merknader.

Sak 9 Årsmøtedebatt

Kommentarar til styret og laga sine arbeid, dele og inspirere. Alle kan få taletid.

Ester Nordheim Sogndal bkl Årsmøtet er eit samarbeid mellom distriktslaget og lokallaga. Eg fekk klarsignal til å spørje ein person om eit program til årsmøtet. Det kost kr 5000,- her ville Songdal bkl betale halvparten. Dette vart ikkje godkjend av distriktslaget grunna at det vart for dyrt og tok for lang tid. Det var ikkje ei god oppleving då eg måtte seie nei takk til den personen eg hadde kontakta. Sogndal bkl ønskjer at det vert sett av tid og pengar til verdige kulturelle innslag.

Svar frå Signe Opdal: Distriktstyret takka nei fordi me tykte det vart for dyrt for 10 min opptreden. Kanskje skal kulturelle innslag vere om kvelden. Kan me ta det inn i budsjettet? Det har vore dårleg kommunikasjon mellom distrikts- og lokallaget.

Ester Norheim Sogndal bkl Det vart stilt spørsmål om tidspunktet skulle endrast.

Signe Opdal: Dette tek me til etterretning og tek det evt opp under budsjett.

Hanne Grimelid: Kontakt mellom lokallaga og sentralstyret er viktig. NBK har laga veldig mange teamsmøte. Det er lett å vere med. Viktig å vere med på teamsmøtene når me vert invitert. Starta med få deltakare, men har teke seg opp.

Signe Opdal: Einig med Hanne at dette er viktig. Bruk pc ikkje telefon. Desse møtane kan takast etter ønskje. Info kjem til rett tid td før årsmøte eller før arbeid med val. Tips kan vere om arbeid i lokallag.

Ester Nordheim Sogndal bkl Spørsmål til årsmelding. Tid for modernisering av formålsparagrafen, punktet om kristenarven. Korleis går arbeidet?

Signe Opdal: Det vert arbeida med formålsparagrafen. Verdien skal ikkje endrast, men ordlyden skal endrast etter tida. Det er ei gruppe i NBK som jobbar med dette. Det er sendt spørsmål til distriktstyra og det er laga til ei Fokus gruppe som har samla synspunkt. Det er også kontakt med ein kommunikasjonsrådgjevar. Forarbeid og grunnarbeid er utført med formålsparagrafen. Alle får tilsendt eit forslag etter sommaren.

Reidun Solbakk Breim bkl Det er viktig med rekruttering , men også å halde på medlemmane. Breim er eit stort lag med 50 medlemmar. For nokre år sida hadde me eit møte med « brainstorming» om kva laget skal halde på med. Det vart sett opp eit liste med forslag og styret jobbar med å bruke denne lista i arbeidet med laget. Det er veldig positivt å jobbe på denne måten. Det einskilde medlem føler då at deira forslag vert teken med.

Sak 10 Årsplan 2025

Framlegg. Årsplanen skal inn i årshjulet til neste år.

Matkultur – mattryggleik/beredskap, kunnskap om norsk tradisjonsmat og mattradisjonar, norsktradisjonsmat.no, arbeide for gratis skulemat til alle barn

Nøysom

Kommunikasjon – vere synlege på heimeside, sosiale media og lokalaviser, vere synlege samfunnsaktørar og ein tøffare forbrukarorganisasjon, fokus på synleggjering av bygdekvinnelag, organisasjonsbygging gjennom organisasjonskurs, regionmøter og organisasjonsskule, teamsleiar møte for Sogn og Fjordane, besøke flest mogeleg av lokallaga, gjere prosjekt frå Norges bygdekvinnelag kjend

Kvinneliv og samfunn – medlemsverving, støtte kvinner i Guatemala, arbeide for likeverd og inkludering, lokale arrangement og aktivitetar – Kvinnestreif, friluftsliv og inkludering, vere aktiv aktør i lokalsamfunnet

Sak 11 Rekneskap

Signe Opdal gjekk igjennom rekneskapet. Løn til leiar er ikkje betalt ut. Adventskalendarane ga om lag 25.000,- delt ut på lokallaga. Lokallaga må hugse å søkje om momskompensasjon. Vipps gjer at det vert nokon «rare» tal og tek eigendel.

Overskot kr 63.340,10 kan brukast til føredrag, underhaldning og til å lage gode arenaer for lokallaga td Kvinnestreif.

Jill Trude Dyrvang Innvik bkl gjer merksam på at det er kostnader i 2024 som ikkje er betalt ut.

Jenny Myklebust Gloppen bkl burde ikkje glemt utbetalt løn til leiar stått på budsjett 2025?

Svar frå Signe Opdal løn til leiar skal stå på det året det gjeld.

Det var 4 delegatar til Landsmøtet i 2024, 3 frå styret og Signe som reiste som delegat frå landsstyret.

Revisorane har godkjend rekneskapet.

Rekneskapet godkjend m/rettingar, utgiftar og resultatet må rettast.

Sak 12 Budsjett 2025

Budsjett for 2025 vart presentert av Signe Opdal

Innspel til sak 12

Jorunn Erdal Oppstryn bkl korleis er det med auke i honorar? Svar frå Signe: styret har ikkje noko med dette, årsmøtet kan endre honorara etter oppset frå valnemda.

Kari-Lise Svedal Sogndal bkl kor mykje tapar laget på bruk av vipps? Svar frå Signe: Om lag 1% (0,98%).

Hanne Grimelid korleis skal ting gjerast utan vipps? Svar frå Signe: Det gjer ikkje noko om laget tapar litt på dette.

Budsjett 2025 godkjend

Sak 13 Innkomne saker

Det er ikkje kome inn saker til dette årsmøtet

Sak 14 Val og godtgjersler

Leiar i valnemda Astrid Trulsen la fram valnemda si innstilling. Det har vore utfordringar med å få folk.

Leiar/styremedlem Randi Marie Vallestad Rambjør, valt (på val i 2026)

Styremedlem Bjørge Ladehaug, valt (på val i 2026)

Styremedlem Sølvi Espeland Hope, valt (på val i 2026)

Styremedlem Hanne Grimelid, valt (på val i 2026)

Styremedlem manglar kandidat

1.vara Haldis Røyrvik for 1 år, valt

2.vara Eva Årdal tek attval for 1 år, valt

3.vara Frida Refsum for 1 år, valt

Revisor Hildegunn Huus tek attval 2025 valt

Revisor Dagfrid Humlestøl tek attval 2025 valt

Valnemd

Astrid Trulsen, valt (på val 2026)

Britt Tone Kvalheim, valt (på val i 2027)

Anne Ragnhild Lødemel Honningsvåg, valt (på val i 2028)

1.vara manglar kandidat for 1 år

2.vara Liv Hilde Haraldsvik tek attval, valt

3.vara manglar kandidat for 1 år

Ordstyrar for årsmøtet 2026 er nestleiar i styret.

Kommentarar til valet

Jenny Myklebust Gloppen bkl neste år vert vanskeleg, dei fleste er på val i 2026

Randi Rambjør: Ikkje alle går ut. Leiar er valt for 1 år, men 2 år i styret

Hanne Grimelid: Alle vara er valt for 1 år

Signe Opdal: Det er eit godt samarbeid i styret

Jorunn Erdal Oppstryn bkl vert det eit arbeidande styre? Det manglar ein kandidat

Randi Rambjør: 2.vara må møte i styret, slik vert det også i valnemda

Framlegg til godtgjersler 2025

Godtgjering til tillitsvalde:

Godtgjersle til leiar kr 10.000

Kontorhald leiar kr 3.000

Telefongodtgjersle leiar kr 3.000

Telefongodtgjersle/kontorhald

Nestleiar kr 1.000

Skrivar kr 3.000

Kasserar kr 3.000

Køyregodtgjersle

Kr 3,50 pr km

Reiseutgifter

Reiseutgifter vert dekke til styremøte, årsmøte og andre representasjonsoppdrag

Møtegodtgjersle

Gjeld både distrikts- og lokallag kr 300 pr dag også dagen før distriktsårsmøte

Hanne Grimelid køyregodtgjersle kr 3,50 er skattefritt

Innstillinga frå valnemda for 2025 godkjend.


Blomehelsingar til avtroppande leiar Signe Opdal og til Frida Refsum


Informasjon om underhaldning kl 19.00 ved Lærdal bkl og festmiddag kl 19.30

Årsmøtet vart avslutta med ein vandretur rundt i Sogndal sentrum med Jon Navarsete som fortalde om oppvekst – barne og ungdomsliv i Fjøra.

Referentar Jill Trude Dyrvang Innvik bkl og Birgit Lunde Borgund bkl

Underskrift av protokoll:


Cecilia Lyslo Innvik bkl


Kari Kirkevold Borgund bkl